



Luka i Stemno på Mannsvatn vert fjernstyrt frå Driftsentralen på Stord.

Tverrelva Kraftverk er sett i drift. Det er snakk om 2 månader prøvedrift før anlegget vert offisielt overlevert og opna i juni. Prosjektleder Jarle Kjellesvik i SKL er godt nøgd med arbeidet så langt. Kraftverket produserer pr. i dag 2,5 megawatt. Maks yteevne er 5 MW. No gjenstår opprydding og oppussing i landskapet. Det vert gjort i månadsskifte mai/juni når det er turrare i lende.



Inntaksdammen ligg nokre hundre meter lenger nede i lia.

Tverrelva Kraftverk vert fjernstyrt frå driftssentralen på Stord. Av sikkerhetsmessige grunnar vert det ikkje lagt tørrmur i forkant av Stemno på fjellet. Mur eller annan installasjon vil vera uheldig ved overløp. Ein må til ei kvar tid koma til betongdammen for inspeksjon og arbeid.

Etter innkøring og justeringar vart kraftverket sett i prøvedrift 10. april. Innan 8 veker skal ein luka ut feil. Så langt ser alt ut til å fungera. Det har sidan oppstarten ikkje vore driftsstans. Straumleveringa frå Tverreleva Kraftverk vert seld og levert på samkøyringsnettet.

Det er ikkje bestemt dag for markeirng og offisiell opning. Det vert straks etter prøvetida er over.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Opprydding og landskapspleie vert gjort i månedsskifte mai/juni.